



Seim Barnehage SA  
Linda Skår  
Lurevegen 171  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1867 - 14/25622

Saksbehandlar:  
Jorunn Nøttveit Moen  
JNO@lindas.kommune.no

Dato:  
14.11.2014

## Søknad om ekstra kapitaltilskot 2014 - Seim barnehage SA

Vi viser til dykkar søknad om ekstra tilskot til kapitalkostnader.

Lindås kommune gjev i samsvar med forskrift om likeverdig handsaming alle private barnehagar, eit tilskot til kapitalkostnader. Kommunen har lagt den nasjonale gjennomsnittssatsen fastsett av departementet til grunn. Rådmannen har fått delegert mynde til å avgjere eventuelle søknader om å få kompensasjon for vesentleg høgare kapitalutgifter enn gjennomsnittet.

Administrasjonen har lagd til grunn at det er kapitalkostnader som ligg 50 % høgare enn statleg norm som vil verta vurdert kompensert. Dykkar barnehage har gjennom tidlegare fastsetjing av driftstilskotet fått eit kapitaltilskot på 726 487 kr for 2014.

I kommunen si vurdering av barnehagen sine kapitalkostnader er det lagt til grunn dokumenterte rentekostnader og anskaffelseskostnad på bygg og utstyr. Avskrivningstida:

Bygg	40 år
Inventar og utstyr	10 år
Maskiner	5 år
Datautstyr	3 år

I den grad ikkje maskiner og datautstyr er skilt ut i rekneskapen (alt driftslausøyre er samla), er det lagt til grunn 10 år avskrivningstid.

Det blir gitt 90 % kompensasjon for kapitalutgifter som overstig 150 % av statleg norm.

Ut frå den dokumentasjon som vi har motteke, har vi laga følgjande utrekning:



Tidlegare fastsett tilskot	726 487 kr
Rentekostnader (2,477 % rente)	464 491 kr
Avskrivningar (justert)	600 169 kr
<u>Samla kapitalkostnad</u>	<u>1 362 278 kr</u>
Reelle meirkostnader	338 173 kr
50% meirkostnader av norma	363 244 kr
<u>Ekstrakostnad (utover 150 % av statleg norm)</u>	<u>-25 070 kr</u>
<u>90 % kompensasjon</u>	<u>0 kr</u>

Utrekninga viser at Seim barnehage SA ikkje får ekstra kapitaltilskot for 2014.

Med helsing

Jorunn Nøttveit Moen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Seim Barnehage SA

Lurevegen 171 5912

SEIM